

Tillegg til PS 88/2014 i Opplærings- og helseutvalet 02.12.2014

## Saksnummer 2014/10030-15 «8-13-samarbeid i Arna»

Opplærings- og helseutvalet gjorde slikt vedtak i møte 02.12.2014:

### Forslag til innstilling

1	Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen Kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknyting til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2	Eit 8-13-samarbeid skal avgjeraast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.
3	Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiaast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar: <ol style="list-style-type: none"><li>1. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde.</li><li>2. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.</li><li>3. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemde gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).</li><li>4. Forsøk med 8-13-skule med <u>ein</u> felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.</li></ol>

Frå Bergen kommune vart punkt 2 i vedtaket i OPHE kommentert, og det vart stilt spørsmål ved om formuleringa kunne forståast slik at 8-13-samarbeidet er sett på vent til reguleringsarbeidet for Seimsmyrane er avslutta. Fylkesrådmannen sin forståing av vedtak punkt 2 er som følgjer:

«Hordaland fylkeskommune vil i samarbeid med Bergen kommune avklare detaljar i samarbeidet om 8-13 i reguleringsperioden.»